
Vår referanse 2020/93-86
Dato 22.04.2020

ÅSEN VEL
c/o Ivar Bruun Kreklingen 18
6823 SANDANE

Att. - jan ivar rise

Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2020 - Underretning om vedtak

Det vert vist til dykkar søknad på tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom. Søknaden vart handsama av hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 21.04.2020, politisk sak 51/20.

Dykkar søknad om tilskot til prosjektet «**Tilrettelegging for fysisk aktivitet og læring for barn og ungdom**», fekk dessverre avslag.

Politisk sak med individuell grunngjeving er lagt ved

Bakgrunn

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kultur- og idrettsføremål.

Det vart vedteke retningslinjer for ordninga i hovudutvalsmøtet 2. desember 2019. Deretter vart ordninga lyst i heile Vestland med frist 15. februar 2020. Det er komen inn 45 søknadar, med ein samla søknadssum på kr 5.372.536.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering handsama saka i møte 21. april 2020.

Grunngjeving

Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot kriteria og retningslinjene for ordninga. Den totale søknadssummen er større enn tilgjengelege midlar til fordeling.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom
- 2 Oversikt over søknader med vurdering